

Dåfjorden Klekkeri as
Furulyvegen 38
5416 STORD

Vår dato: 02.01.2017
Vår ref.: 201403238-16
Arkiv: 313
Dykkar dato: 13.10.2014
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Kristin Haugen
22959423/kha@nve.no

Dåfjord Klekkeri AS – Søknad om løyve til vassuttak og regulering av Øvre og Nedre Petarteigsvatna – Stord kommune i Hordaland - Oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 9.10.2014.

Vedlagt sender vi over NVE sitt løyve til vassuttak og regulering av Øvre og Nedre Petarteigsvatna med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagt KI - notat 31/2016 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknader til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld vassuttak og regulering av Øvre og Nedre Petarteigsvatn og betydinga dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gjev ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Før utarbeiding av tekniske planar for ein ev. ny dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak vere fatta. Konsekvensklassen er bestemmande for sikkerheitskrava som vert stilt til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar.

Vi viser elles til NVE sine rettleiarar 2 og 3 frå 2013 "Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga." og "Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon" som er å finne på <https://www.nve.no/vann-vassdrag-og-miljo/miljotilsyn/>. Vi understrekar at vassdragstiltak ikkje må setjast i gong før planane for arbeidet er godkjent av NVE. NVE sin saksbehandlar for godkjenning av detaljplanar for miljø er Katarina Eftevand i seksjon for miljøtilsyn i tilsyns- og beredskapsavdelinga.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Kristin Haugen
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg:

Kopi til:

Dåfjorden Klekkeri as v/Reidar Aksnes
Fiskeridirektoratet
Fylkesmannen i Hordaland
Harald Rydland
Hordaland fylkeskommune
Mattilsynet
Rådgivende Biologer AS
Stord kommune